
Saksnr: 2020/70138-3
Saksbehandlar: Einar Kåre Ulla

Saksgang

| Utval | Utv.saknr. | Møtedato |
|-----------------|------------|----------|
| Kontrollutvalet | | |

Rekneskapsresultat for kontrollutvalet 2020

Forslag til vedtak

Rekneskapsresultat 2020 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teke til orientering.

Samandrag

Kontrollutvalet har ansvar for å styre aktivitetane i utvalet innanfor eigne budsjetttrammer. Denne saka er utarbeidd for at utvalet skal få kjennskap til bruken av midlar i 2020.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Einar Kåre Ulla
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det er tradisjon at rekneskapsrapportar hittil i år for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert lagt fram i nokre møter gjennom året. Dette er rapport for rekneskapsresultatet for 2020.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame slike saker, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

I dette møtet vil sekretariatet leggje fram rekneskapsrapportar for 2020. Oversikta under viser eit mindreforbruk i 2020 i forhold til budsjett på omlag 3,6 mill kroner. Koronasituasjonen er nok forklaring på det meste av mindreforbruket dette året. Fire av kontrollutvalsmøta vart, som ein konsekvens av dette, gjennomført som fjernmøte. Kurs og konferansar vart i stor grad avlyst i 2020. Når det gjeld mindreforbruket for kjøp av revisjonstenester, er dette i stor grad lågare aktivitet for gjennomføring av forvaltningsrevisjon før ny plan for forvaltningsrevisjon vart vedteken av fylkestinget 15.12.2020.

| Eining | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 | Avvik |
|-----------------|-----------------------|----------------------|------------------|
| Kontrollutval | 840 215 | 2 248 000 | 1 407 785 |
| Sekretariat | 2 246 487 | 3 424 000 | 1 177 513 |
| Ekstern revisor | 3 636 683 | 4 693 000 | 1 056 317 |
| SUM | 6 723 385 | 10 365 000 | 3 641 615 |

Konklusjon

Rekneskapstala for 2020 viser at utvalet er godt innanfor rammene i budsjettet for 2020. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet tek rekneskapsrapportane til orientering.